



Innkalling

Utval:	Valstyret
Møtestad:	kommunestyresalen Myravegen 11
Dato:	20.05.2019
Tid:	Kl. 09:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til Servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller politikk@hareid.kommune.no, som kallar inn vara. **Forfallet skal grunngjevast.**

Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumentata er publiserte på www.hareid.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
08/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/929
09/19	Godkjenning av protokoll	19/929
10/19	Endre førehandsrøystestad og - tid	19/854
11/19	Godkjenning av listeforslag kommunevalet 2019	19/825

Hareid, 15.05.2019

Anders Riise
ordfører



Vår referanse: 19/929 19/5364

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 15.05.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
08/19	Valstyret	20.05.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste



Vår referanse: 19/929 19/5365

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 15.05.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
09/19	Valstyret	20.05.2019

Godkjenning av protokoll



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
10/19	Valstyret	20.05.2019

Endre førehandsrøystestad og - tid

Samandrag:

På grunn av riving av Coop-butikken hausten 2019 kan ikkje butikken vere førehandsrøystelokale ved kommunevalet i haust. Valstyret må gjere om på vedtak PS 5/19 og eventuelt vedta nytt førehandsrøystelokale.

Rådmannen si tilråding:

Valstyret gjer om på vedtak PS 5/19 og stryk Coop som førehandsrøystelokale 26. august på grunn av usikkerheit knytta til riving av butikk. Valstyret godkjenner at rådhuset har langope for førehandsrøysting torsdag 5. september kl 10-20.

Andre relevante dokument:

Fastsetting av tid og stad for førehandsrøysting ved valet 2019

Saksopplysningar:

7. mai blei det kjend at Coop skal bygge ny butikk på Hareid. Då må den gamle butikken rivast. Det kan sjå ut som om det kolliderer med kommunevalet i haust. Valansvarleg har vore i kontakt med Lars Ove Breivik i Coop. Han kan ikkje garantere at dei ikkje har starta riveprosessen allereie i slutten av august. Valstyret bør derfor finne ein ny stad å ha førehandsrøysting på den dato.

Administrasjonen har ressursar og ønske om å ha ein kveld til med førehandsrøysting. Så langt vi kan sjå, er det ikkje andre lokale i kommunen som kan gå inn i Coop sin plass. Vi foreslår derfor at rådhuset har langope ein dag/kveld i staden.

Sidan all infrastruktur er på plass her, er det lettare å ha kveldsope siste veka før valtinget. Vi tilrår derfor at rådhuset har langope torsdag 5. september kl 10-20.

Vurdering og konklusjon:

Valstyret vedtek å stryke Coop som førehandsrøystelokale fordi det er usikkert om lokalet er tilgjengeleg på aktuelt tidspunkt.

Valstyret vedtek å helde langope førehandsrøysting på rådhuset torsdag 5. september kl 10-20 i staden for 10-15.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ikkje ut over budsjett

Beredskapsmessige konsekvensar: Mindre krevjande å halde førehandsrøysting på rådhuset enn i butikk/lokale utanfor rådhuset.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Helga Bøe
Leiar servicetorg og politisk sekretariat

Erlend Friestad
valansvarleg



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
11/19	Valstyret	20.05.2019

Godkjenning av listeforslag kommunevalet 2019

Samandrag:

Det har kome inn seks listeforslag til kommunevalet 9. september. Valstyret må innan 1. juni godkjenne og offentleggjere vallistene.

Rådmannen si tilråding:

Valstyret i Hareid kommune godkjenner følgande listeforslag som offisielle vallister ved kommunestyrevalet i Hareid 2019

- Arbeidarpartiet
- Folkelista for Hareid kommune
- Fremskrittspartiet
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Venstre

Dei godkjende listene skal kunngjerast innan 1. juni. Namnet på dei godkjende listene og kandidatane blir lagt ut på kommunen si heimeside og blir vist fram på førespurnad på servicetorget. Dei tillitsvalde for kvar liste skal tilskrivast, med kopi av godkjend liste.

Klagefrist er 7 dagar etter offentleggjering av dei godkjende vallistene. Dersom valstyret ikkje tek ein eventuell klage til følge, skal Kommunal- og

moderniseringsdepartementet avgjere klaga.

Vedlegg:

- Listeforslag til godkjenning kommunevalet 2019
- Fritak frå listeforslag Turid Lise Ambjørnsen
- eksempel på melding til listekandidatar
- melding frå Høgre om å ikkje erstatte Ambjørnsen
- melding frå Truls Håbakk om flytting
- nytt navn på lista
- Ap liste forslag 2019
- Folkelista for Hareid forslag 2019
- Frp liste forslag 2019
- Høgre liste forslag 2019
- KrF liste forslag 2019
- Venstre liste forslag 2019

Uprenta vedlegg

- Vallova med forskrift
- Underskrifter frå Folkelista. Desse er underlagte teieplikt. Viss det blir naudsynt kan dei visast fram for valstyret i lukka møte.
- Diverse korrespondanse mellom valansvarleg og tillitsvalde om detaljar og ikkje-prinsipielle spørsmål/endingar.

Saksopplysningar:

For å kunne godkjenne ei liste må følgande krav vere oppfylde:

- Rett namn på liste: Registrerte namn må bruke namnet det er registrert som (valfri målform). Det er ikkje høve til å legge til namn på lokallag eller liknande. (jf Vallova §6-1 (2)). Namn på ei uregistrert gruppe/liste må ikkje kunne forvekslast med eit registrert parti.
- Rett val: Det må gå fram kva val lista stiller til (kommunevalet i Hareid 2019 eller liknande)
- Rett tal på kandidatar: Minimumstalet er 7, maksimum er talet på kommunestyrerepresentantar pluss 6, altså 27 (jf Vallova § 6-2 andre ledd)
- Rett tal på underskrifter: Registrerte parti under forenkla reglar kan levere listeforslag som er underskrivne av to tillitsvalde. Uregistrerte parti/grupper må ha underskrifter tilsvarande 2 prosent av dei med røysterett ved førre kommuneval. For Hareid er det minimum 79 underskrifter. (Vallova 6-3)
- Rett tal på stemmetillegg: maks 4 (Vallova § 6-2 tredje ledd)
- Fristen for innlevering var 1. april klokka 1200 (jf Vallova §6-1 (1)). Denne fristen er absolutt. Alle seks listene blei levert innanfor fristen med signaturar på papir.

Det er ikkje eit naudsynt at listene er i samsvar med krava i lova på innleveringstidspunktet. Der det ikkje er samsvar med lova skal valstyret (i dette tilfellet sekretariatet/valansvarleg etter delegering) «forhandle» med dei tillitsvalde for å rette opp feil (Vallova § 6-6 (3)).

Alle kandidatane på liste er blitt underretta. Det har kome inn eit ønske om fritak og

ei melding om at kandidat ikkje er valbar grunna flytting. I slike tilfelle kan dei tillitsvalde sette inn eit nytt namn på den tome plassen eller flytte opp alle kandidatane og sette inn nytt namn nedst. Dei kan også velje å ikkje sette inn nytt namn so lenge lista har minimum 7 kandidatar.

I oversikta under er det gjort greie for korleis listene fyller lovkrava. Ho gjer også greie for eventuelle endringar som er gjort etter at listene blei levert inn. Etter fristen 1. april er det berre mogleg å gjere endringar for å få listene i samsvar med lova. (Jf Valforskrifta §15 (1)).

Arbeidarpartiet:

Innlevert i rett tid: Ja, 29. mars kl 10:40

Rett namn på liste: Ja

Rett val: Ja

Rett tal på kandidatar: Ja, 17

Rett tal på underskrifter: Ja, 2

Rett tal på stemmetillegg: Ja, 3

Andre opplysningar og endringar:

Oppdatert liste med rett namn levert inn 5. april

Folkelista for Hareid kommune:

Innlevert i rett tid: Ja, 27. mars kl 11:05

Rett namn på liste: Ja

Rett val: Ja

Rett tal på kandidatar: Ja, 27

Rett tal på underskrifter: Ja, 84

Rett tal på stemmetillegg: Ja, ingen

Andre opplysningar og endringar:

Alle underskrifter er sjekka mot manntal. I denne prosessen blei 19 namn forkasta, stort sett på grunn av manglande signatur. Underskriftene er underlagt teieplikt, men kan leggest fram for Valstyret i lukka møte om det er naudsynt.

Fremskrittspartiet:

Innlevert i rett tid: Ja, 15. mars kl 12:36

Rett namn på liste: Ja

Rett val: Ja

Rett tal på kandidatar: Ja, 23

Rett tal på underskrifter: Ja, 2

Rett tal på stemmetillegg: Ja, 4

Andre opplysningar og endringar:

Truls Røyset Håbakk (nummer 23 på opphøveleg liste) er ikkje lenger valbar då han har meldt flytting.

Tillitsvalde fekk frist til 14. mai med å eventuelt kome opp med nytt namn. 13. mai kom tillitsvalde med nytt namn: Synnøve Knutsen Liavåg, f 1949, Hjørungavåg. Ho står i manntalet og er valbar. Det er også levert erklæring frå vedkommande sidan fristen for å be om fritak er ute. Liavåg er satt inn som kandidat nummer 23 på Frp si liste.

Høgre:

Innlevert i rett tid: Ja, 29. mars kl 14:20

Rett namn på liste: Ja

Rett val: Ja

Rett tal på kandidatar: Ja, 26

Rett tal på underskrifter: Ja, 2

Rett tal på stemmetillegg: Ja, 4

Andre opplysningar og endringar:

Lista blei levert inn med overskrift Hareid Høgre. Rett namn endra til Høgre etter dialog med tillitsvalde.

Kandidat nummer 10 på opphaveleg liste, Turid Lise Ambjørnsen, bad om fritak. Dei tillitsvalde valde å ikkje sette inn nytt namn. Alle kandidatane frå plass 11 og nedover blei derfor flytta opp ein plass.

Kristeleg Folkeparti

Innlevert i rett tid: Ja, 27. mars kl 09:40

Rett namn på liste: Ja

Rett val: Ja

Rett tal på kandidatar: Ja, 7

Rett tal på underskrifter: Ja, 2

Rett tal på stemmetillegg: Ja, 2

Andre opplysningar og endringar:

Ingen merknadar

Venstre:

Innlevert i rett tid: Ja, 29. mars kl 12:30

Rett namn på liste: Ja

Rett val: Ja

Rett tal på kandidatar: Ja, 21

Rett tal på underskrifter: Ja, 2

Rett tal på stemmetillegg: Ja, 3

Andre opplysningar og endringar:

Opphaveleg liste blei levert med overskrifta Hareid Venstre. Namn endra til Venstre etter dialog med tillitsvalde på e-post.

Vurdering og konklusjon:

Alle dei seks innleverte listene er etter «forhandlingar» med valansvarleg no i samsvar med lova. Valansvarleg tilrår at alle listene blir godkjende slik dei framgår av vedlegga.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Helga Bøe
Leiar servicetorg og politisk sekretariat

Erlend Friestad
valansvarleg